



## Møteprotokoll

### Formannskap

<b>Møtested:</b>	Einevarden, 3. etg. Rådhuset
<b>Møtedato:</b>	20.06.2012
<b>Tidspunkt:</b>	13:00 - 13:40

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 041/12 - 043/12**

Medlemmer:

- H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
- AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
- BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
- FRP - Hogne Bleie (Medlem)
- SP - Asgeir Solheim (Medlem)
- V - Marit Sætren (Medlem)
- KRF - Dag Almenning (Medlem)
- V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
- H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Fra administrasjonen møtte: rådmann Svanhild Mosebakken og fung. kommunalsjef Jeanette Jensen.

Av 9 medlemmer møtte: 9. Totalt frammøtte: 9

Måløy 20. juni 2012

Morten A. Hagen  
Ordfører

Linda A. Myhre Larsen  
tjenesteleder Service

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
041/12	Godkjenning av møteprotokoll	
042/12	TV-aksjonen 2012 NRK - Amnesty International	
043/12	Legevaktstelefonentral for kommunar i Nordfjord - framtidig drift	

Ordfører Morten A. Hagen orienterte om at på grunn av sakene som står på saklisten må behandles før sommeren, ble det innkalt til ekstraordinært møte i Formannskapet.

### **Merknader til saklisten fra SP v/repr. Asgeir Solheim:**

Saken "Legevaktstelefonentral for kommuner i Nordfjord – framtidig drift" skulle ha vært direkte behandlet i helse- og omsorgsutvalget og ikke i Formannskapet. Det må sørges for at sakene taes opp i de rette utvalgene.

Rådmann Svanhild Mosebakken kommenterte at da det haster å få denne saken behandlet før ferien, har en valgt behandling i Formannskapet og Kommunestyret. Behandling i Formannskapet er valgt på grunn av at det er et spørsmål om økonomi i saken.

Administrasjonen tar merknaden til saklisten til etterretning



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	20.06.2012	041/12

<b>Endelig vedtak i:</b> Formannskapet	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/1151	<b>Saksansvarlig:</b> Irene Sivertsen
---	--------------------------------	--

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 20.06.2012 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-041/12

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 13.06.2012 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	20.06.2012	
Formannskap	20.06.2012	042/12

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyre	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/980	<b>Saksansvarleg:</b> Linda Alice Myhre Larsen
--	-------------------------------	---

## TV-aksjonen 2012 NRK - Amnesty International

### Rådmannen si innstilling

1. Som kommunekomiteè for TV-aksjonen 2012 oppnevnast:

1. Leiar: Ordførar
2. Nestleiar: Varaordførar
3. For Bryggja med Nordstranda:
4. For Fastlandet:
5. For Måløy:
6. For Vestre krets:
7. For Nord-Vågsøy:

2. Vågsøy kommune gjev kr. .... til årets TV-aksjon med dekning over midlar Formannskapet har til disposisjon. Rådmannen viser til Valnemnda si innstilling.

### 20.06.2012 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ordfører Morten A. Hagen orienterte.

Pkt. 1: Ordfører Morten A. Hagen foreslo at Anne Grethe Strand også velges for Måløy. Det er behov for at det er 2 personer i Måløy. Anne Grethe Strand deltok også i 2011.

Ordfører Hagen oppmoder om at det gjøres en ekstra innsats til høsten for å støtte TV-aksjonen. Formannskapet inviteres til å komme med innspill for økt aktivitet og et bedre resultat for Vågsøy kommune.

Pkt 2: AP v/repr. Maurstad foreslo at Formannskapet tok oppfordringen fra ordfører og at en øker beløpet som gis til TV-aksjonen til kr. 10.000,-.

#### Votering

Det ble først votert over pkt 1 i rådmannens innstilling med tillegg av forslag fra ordfører Hagen . Dette ble enstemmig vedtatt.

Det ble deretter votert over pkt. 2 vedr. tilskudd til TV-aksjonen. Dette ble enstemmig vedtatt.

F-042/12

**Vedtak:**

## 1. Som kommunekomiteè for TV-aksjonen 2012 oppnevnt:

1. Leiar:	Ordførar Morten A. Hagen
2. Nestleiar:	Varaordførar Kristin Maurstad
3. For Bryggja med Nordstranda:	Hogne Bleie
4. For Fastlandet:	Berit Storøy
5. For Måløy:	Anett Berg og Anne Grethe Strand
6. For Vestre krets:	Eli Oppedal
7. For Nord-Vågsøy:	Grethe Åsebø

2. Vågsøy kommune gjev kr. 10.000,- til årets TV-aksjon med dekning over midlar Formannskapet har til disposisjon. Rådmannen viser til Valnemnda si innstilling.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Fylkeskomiteen for årets TV-aksjon v/fylkesaksjonsleiar Kristin Sandal ber ved brev av 25.04.2012 til ordføreren om oppnevning av kommunekomiteè for årets TV-aksjon. En viser til brevet.

## Bakgrunn for saka

Årets TV-aksjon er tildelt Amnesty International og aksjonsdagen er søndag 21. oktober. Fylkesaksjonsleiar er Kristin Sandal. Fylkesaksjonskomiteè i Sogn og Fjordane vil bli oppretta og leia av fylkesordføreren. Pengene fra årets aksjon skal gå til Amnestys arbeid med å styrkje dei grunnleggjande rettigheitar til millionar av menneske over heile verda. Amnesty vil mellom anna setje fokus på at menneske straffast for å bruke ytringsfriheita, at kvinner og minoritetar vert diskriminert, og at folk lev i frykt i undertrykt regime.

## Saksopplysningar / fakta

Det har vore praksis at valnemnda legg fram forslag til val. Valnemnda er kontakta og har lagt fram sitt forslag, jamfør vedlegg. Ordførar og varaordførar har vore henholdsvis leiar og leiar i kommunen sine årlege komitear for TV-aksjonen.

Når det gjeld økonomisk bidrag har kommunen kvart år gjeve kr. 5.000,- som sitt bidrag til aksjonane. Dette har vore dekkja over dei midlane Formannskapet disponerar. Om Formannskapet vil gå inn med same beløp i år er opp til Formannskapet.

### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
90276	Oppmoding om å opprette KK 2012 (1).doc
91526	Valnemnda si innstilling

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	31.05.2012	TV-aksjonen Sogn og Fjordane	Oppretting av kommunekomiteer
3	I	11.06.2012	Valnemnda	Valnemnda si innstilling



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	20.06.2012	043/12
Kommunestyre	20.06.2012	

Endeleg vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 12/652	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
-----------------------------------	------------------------	-----------------------------------

## Legevaktstelefonentral for kommunar i Nordfjord - framtidig drift

### Rådmannen si innstilling

Kommunestyre vedtek å drifte legevaktstelefonentral vidare på Nordfjord Sjukehus f.o.m. 01.10.12 i eit interkommunalt samarbeid med kommunane Selje, Eid, Hornindal, Stryn og Gloppen.

Ekstra utgifter vert dekt innanfor budsjettområdet Velferd.

### 20.06.2012 Formannskap

#### Møtebehandling:

Kommunelege Trond Inselseth, ansvarlig for Nordfjord legevakt, orienterte formannskapet vedr. nedlegging av overvåkningstjenesten på Nordfjordeid.

Formannskapet stilte spørsmål.

Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-043/12

#### Vedtak:

Kommunestyre vedtek å drifte legevaktstelefonentral vidare på Nordfjord Sjukehus f.o.m.

01.10.12 i eit interkommunalt samarbeid med kommunane Selje, Eid, Hornindal, Stryn og Gloppen.

Ekstra utgifter vert dekt innanfor budsjettområdet Velferd.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om kommunale helse og omsorgstenester av 24.6.11, § 3-2, punkt 3

Forskrift av 18.3.2005; Forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

## Bakgrunn for saka

Helse Førde har sagt opp noverande avtale om legevaktstelefonentral ved Nordfjord Sjukehus med verknad frå 01.10.2012.

## Saksopplysningar / fakta

Gjennom tidligare lov om helsetenestene i kommunane og den nye helse og omsorgstenestelova, er kommunane pliktig å ha medisinsk naudmeldeteneste jfr. § 3-2, punkt 3.

Forskrift frå 2005 om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus definerer kommunen sitt ansvar i § 7 når det gjeld medisinsk naudmeldeteneste ( dvs. landsdekkjande kommunikasjonsteknisk system for varsling og handtering av meldingar om trong for akuttmedisinsk hjelp og kommunikasjon innafør helsetenesta)

- a) Etablering og drift av legevaktnummer som er betjent heile døgnet
- b) Etablering og drift av legevaktsentral
- c) Kommunikasjonsberedskap og naudsynt kommunikasjonsutstyr for helsepersonell i akuttmedisinsk beredskap i kommunen
- d) Samarbeid med regionale helseføretak for å samordne kommunikasjonen mellom den kommunale legevaktordninga, jfr. kap.3 og andre akuttmedisinske tenester.

Då kommunen fekk ansvar for medisinsk naudmeldeteneste i 1995 inngjekk kommunen avtale med dåverande eigar av spesialisthelsetenesta, Sogn og Fjordane fylkeskommune om kjøp av tenester frå Nordfjord sjukehus (NS). Denne avtala er vidareført av Helse Førde (HF) fram til oppseiing f.o.m. 01.10.12 ( jfr. vedlegg.)

HF tilbyr alternativt kjøp frå AMK-sentralen ved Førde sentralsjukehus.

Alle Nordfjordkommunane med unnatak av Bremanger , kjøper i dag legevakttelefoneneste frå NS.

Legevakttelefonsentralen ved NS er lokalisert til overvåkingsavdelinga (OVA), slik at personalet i tillegg til legevaktsformidling også har oppgåver knytt til 3 senger på OVA.

OVA ligg i dag i 3.etg. på sjukehuset, medan den interkommunale legevakta i Nordfjord (NLV) ligg i 1.etg. i andre enden av bygget. Det vert opplevd som problematisk og lite ynskjeleg med lang avstand og manglande fellesskap mellom NLV og legevaktformidlinga.

I samband med det interkommunale prosjektarbeidet for etablering av lokalmedisinsk senter / intermedisær avdeling ved NS, kjem det framlegg om å sjå ressursar og lokalisering av Nordfjord legevakt, legevakttelefonsentral og 5-6 interkommunale senger( augeblikkelig hjelp på døgnbasis, observasjonssenger for legevakta m.m ) i samanheng.

Dette med sikte på felles utnytting av fleire ressursar og tett samarbeid med medisinsk avdeling ved NS. Prosjektrapport frå forstudiet vert lagt fram for politisk handsaming over sommaren.

Styringsgruppa for NLV ser store føremonar i samordning av legevakta med legevaktformidling og sengepost, fordi legevakta i dag har for liten ressurs til støttefunksjonar / hjelpepersonell for lege på vakt.

Prosjektgruppa som jobbar med interkommunale sengeplassar, har ut frå tidlegare dialog med HF hatt von om at det ville la seg gjere å forlenge avtalen om formidlingsteneste for legevakt ved NFS nokre månader fram i tid til ting er meir avklara. På felles møte på Eid den 14.06.12 vart dette avvist av HF jfr. vedlagt brev av 04.06.12 der denne konklusjonen er signalisert.

Alternativet ved kjøp av teneste frå AMK i Førde er ikkje ønskeleg fordi:

- lokalkunnskapen vert ikkje like godt ivareteke
- vi får ikkje fleksibel bruk av personell til formidlingsteneste og støttefunksjon for NLV
- vi får ikkje styrking av støttefunksjonen ved NLV slik det er trong for
- formidlingstenesta vil erfaringsmessig ikkje få så god silingsfunksjon som ein kan oppnå ved tett, dagleg samhandling mellom legevaktlege og formidlarfunksjon.
- det vert uheldig med ein mellombels flytting av formidlingstenesta til AMK for etter kort tid å flytte den tilbake til Eid med fare for tap av kompetanse m.m.

Kommunane betalar i dag for legevakttelefonenesta frå HF i to åtskilde delar:

- Formidlingsfunksjon p.t. kr 66 pr innbyggjar. For Vågsøy kommune utgjer det kr.404 514 pr. år.
- For teknisk utstyr/ drift av naudmelledestasjonen: For Vågsøy utgjer det kr. 95 000 pr. år.

Betaling for teknisk utstyr /drift vil halde fram sjølv om kommunane tek over drifta av legevaktstelefontentralen. I løpet av eit par år kjem nytt naudmelenett på plass og i den samanheng vil kommune i Nordfjord organisere seg med nytt teknisk utstyr i eigen regi dersom det vert etablert interkommunalt legevaktstelefontentral. I innføringsperioden vert utstyret kosta av sentrale myndigheiter, medan eigaren / kommunane står for lisensar / drift.

Kostnad ved drift av interkommunal legevaktstelefontentral går fram av vedlegg som syner årleg kostnad på ca 2,8 mill kr pr. år. Dvs ein auke i høve dagens avtale med HF på vel 0,9 mill kr pr år. Dersom HF hever krone summen pr innbyggjar etter årets tariffoppgjer, vert skilnaden mindre. Vedlegget syner også kostnadsdeling mellom kommunane.

Det er von om at det let seg gjere å samlokalisere NLV med naudmeldesentralen frå 01.10.12 dvs at det vert ein synergieffekt med legevakta allereie frå starten av. Ytterlegare effekt vil ein oppnå når evt. interkommunale senger kjem på plass, forhåpentlegvis våren 2013.

Som det kjem fram utgjer ekstra kostnad for Vågsøy kommune for 3 månader i 2012 ca kr. 50 000 og tilsvarande ekstra ut i 2013 avhengig av tidspunkt for evt døgnavdeling.

Det er signal om at det ikkje skal kome til ekstra kostnader frå HF si side m.o.t. leige av lokale m.m. i ein overgangsfase, men dette er ikkje stadfesta frå høgste hald enno.

Glommen er ikkje med i prosjektet for interkommunale sengeplassar, så på eit seinare stadium vil det truleg vere trong for å sjå på kostnadsdeling mellom kommunane.

I ein overgangsperiode ved drift av legevaktstelefontonen i interkommunal regi, vil fordeling av auka kostnad etter 25% likt og 75% etter folketal truleg vere den mest aktuelle.

NLV vert drifta etter vertskommunemodellen med Eid som ansvarleg og det same må gjelde for telefonformidlingstenesta.

Det springande punktet vert rekruttering av helsepersonell. Avklaring hastar med sikte på snarleg utlysing av stillingar dersom det skal vere von om å ha folk på plass i oktober.

## Vurdering / konsekvensar

Det er uheldig at prosessar i HF og interkommunale prosjektutgreiingar i Nordfjord ikkje går meir i takt tidsmessig.

Fordi HF har gitt positive signal tidlegare om ei mogleg forlenga legevaktformidling i regi av HF ved NS er ikkje saka lagt fram for politisk handsaming tidlegare.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
90632	Brev om legevaktstelefontentral for kommunar i Nordfjord
86944	Framtidig drift av legevaktstelefontentral for kommunar i Nordfjord
90619	Brev om legevaktstelefontentral for kommunar i Nordfjord.docx
91673	2012007869_188055.xls



